

**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE
SÆRUTSKRIFT**

Møte: 26. november 2018 kl. 09.00 – 12.00

Stad: Alver hotel

Tilstade: Leif Erik Gullanger (leiar), Rolf Henning Hegland (nestleiar),
Kåre Helge Østrem (medlem), Ann Kristin Tonning (medlem) og
Rebecca Duesund Fjeldsbø (medlem)

Forfall:

Innkalla: Janne Sund, Økonomisjef og Monicka Larsen Feyling, Avdelingsleiar felles
lønn og rekneskapskontor (til sak 45/18)

Frå revisjonen:

Sekretær: Øivind Olsnes

62/18 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2019Saksvedlegg:Saksopplysningar:

Kontrollutvalet kan kome med tilråding til kommunestyret når det gjeld budsjett for kontrollutvalet. Med bakgrunn i tidlegare års rekneskap og vurdering av neste års ressursbehov har kontrollutvalet sett opp følgjande framlegg:

	Budsjett 2016 Vedteke av kommunestyret 17.12.2015	Budsjett 2017 Vedteke av kommunestyret 15.12.2016	Budsjett 2018 Ramme vedteke av kommunestyret KO-113/17	Budsjett 2019 Framlegg frå kontrollutvalet
Rekneskapsrevisjon	220 000	220 000	230 000	250 000
Forvaltningsrevisjon	500 000	500 000	465 000	300 000
Sekretariat kontrollutvalet	130 000	130 000	135 000	132 000
Drift av kontrollutvalet	100 000	100 000	120 000	120 000
Totalt kontrollutvalet	950 000	950 000	950 000	802 000

Det er forventa ein generell pris- og lønnsauke på 3 % i høve budsjett for 2018

Kostnader for avtalar som ligg føre med Deloitte AS og Nordhordland
Utviklingsselskap IKS er lagt til grunn.



Det er i framlegget teke omsyn til aktivitetar som er planlagt for året som kjem innan ordinær rekneskapsrevisjon, samt teke omsyn til at det kan vere trong for mindre tilleggsoppdrag ved avslutning av Lindås kommune pr. 31.12. 2019.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon er det lagt til grunn gjennomføring av eit prosjekt.

Behandling i møte:

Framlegg til budsjett vart drøfta og justert i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek eit budsjettframlegg for 2019 med ei total ramme for kontrollutvalet på kr 950 000.

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett vert å leggja ved når formannskapet og kommunestyret handsamar budsjettet for 2019.


Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek eit budsjettframlegg for 2019 med ei total ramme for kontrollutvalet på kr 802 000.

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett vert å leggja ved når formannskapet og kommunestyret handsamar budsjettet for 2019.

Knarvik, 26.11.2018


Leif Erik Gullanger, leiar (sign)


Øivind Olsnes, sekretær